



Åse Sigrunn Skjelnæs
Kyrkjebygdvegen 1 C

5636 Varaldsøy

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2024/2354-11		11.11.2024

Vedtak om tvangsmulkt - opprydding og fjerning av flytebrygge og merd - Hamnevika - Sild

Viser til vedtak om pålegg om opprydding av flytebrygge og merd og varsel om tvangsmulkt, datert 11.10.2024.

Saksopplysingar:

I brev om pålegg om opprydding vart du pålagt med heimel i forurl. § 7 fjerde ledd og § 37 andre ledd å rydde opp i sjø og land der flytebrygge, merd og anna forsøplingselement låg. Forsøplinga dreia seg om ei flytebrygge og merd/merdar som hadde forsøpla sjø og land med isoporbitar. I brevet vart du pålagt å rydde opp i det forureina området snarast og seinast innan fjorten dagar frå brevet sin utsendingsdato som var 11.10.2024.

I vedtaket vart du pålagt følgjande:

- Rydde opp alt av forureining både på land og i sjø
- Fjerne dei installasjonar i sjø og på land som fører til eller kan føre til, forureining; det vil seie flytebrygge og merdringar
- Tilbakemelding innan frist om at det du har rydda
- Kvittering på at det er levert til godkjent mottak

I vedtak om pålegg om opprydding vart du varsla om at dersom du ikkje fylgjer pålegget og ryddar opp innan fristen, ville vi vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forurl. § 73. Dette er eit av verkemidla i forurl. for å få gjennomført gitte pålegg.

Kommunen har ikkje fått melding om at området er rydda ferdig og friskmeldt. Kommunen går derfor vidare med saka med vedtak om tvangsmulkt.

Vedtak om tvangsmulkt:

Med heimel i forurl. § 73 første ledd, vert du pålagt å betale ei eingongsmulkt på kr. 10.000. I tillegg må du betale ei løypande dagmulkt på kr. 500. Dette vil løype frå 25.10.2024 som var frist for opprydding av området. Dagmulkta går heilt til oppryddinga er dokumentert og kommunen underretta.

Storleiken på tvangsmulka er fastsett ut frå ulovleg avfallshandtering, den miljømessige ulempa avfallshandteringa utgjer og faren for at forureina massar kan koma på avveggar. Kommunen vurderer derfor behov for snarleg opprydding.

Forurl. § 73 seier følgjande om tvangsmulkt:

«For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

Tvangsmulkt kan fastsettes når overtredelse av loven eller vedtak i medhold av loven er oppdaget. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som forurensningsmyndigheten har fastsatt. Tvangsmulkt kan også fastsettes på forhånd og løper da fra eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at det forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forholdet varer, eller at det forfaller for hver overtredelse.

Tvangsmulkt ilegges den ansvarlige for overtredelsen. Er overtredelsen skjedd på vegne av et selskap eller en annen sammenslutning, en stiftelse, en kommune, fylkeskommune eller annen offentlig innretning, skal tvangsmulkten vanligvis pålegges virksomheten som sådan. Er overtredelsen skjedd på vegne av en beredskapsorganisasjon opprettet etter § 42, kan tvangsmulkten pålegges de deltagende selskaper.

Vedtak om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Forurensningsmyndigheten kan frafalle påløpt tvangsmulkt.»

Grunngjeving for vedtak om tvangsmulkt:

I pålegg om opprydding vart du varsla om at dersom ikkje pålegget vart følgt og forureininga ikkje vart rydda opp innan frist, ville kommunen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forurl. § 73. Dette er eit av verkemidla i forurl. for å få gjennomført gitte pålegg.

Kommunen har ikkje fått melding om at området er rydda opp for forureining. Kommunen går derfor vidare med saka der eit vedtak om tvangsmulkt vert fatta.

Klage på vedtaket

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er **tre veker**. Hugs å grunngje klagen og gje opp kva endringar du ynskjer.

Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

Sjølv om du eller andre klagar på vedtaket, må du i utgangspunktet fylgje pålegget. Kommunen kan likevel bestemme at pålegget ikkje skal gjennomførast før klagen er avgjort. Det kan skje på kommunen sitt eiga initiativ eller fordi nokon ber om det, og avgjersla om dette kan ikkje klagast på, jamfør forvaltningslova § 42.

Rett til å sjå dokumenta i saka:

Du og andre partar i saken har rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

Spørsmål?

Om du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med vår sakshandsamar på e-post synneve.skei@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Leif Ove Mikkelsen
Kommunedirektør

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Ole Skjelnæs
Leif Ove Mikkelsen
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

Åse Sigrunn Skjelnæs